

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Tysdag, 08.09.2020 kl. 16.05 i møterom Øyna, 3. etasje.

SAKLISTE:

Sak 11/20	Godkjenning av møtebok frå møte i Stranda kontrollutval 26.05.2020
Sak 12/20	Meldingar til Stranda kontrollutval
Sak 13/20	Plan for forvaltningsrevisjon Stranda kommune
Sak 14/20	Forslag til reglement Stranda kontrollutval
Sak 15/20	Budsjett 2021 Stranda kontrollutval

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksi.no.

Helge Kvame
leiar
(sign.)

Sak 11/20 Godkjenning av møtebok frå møte i Stranda kontrollutval 26.05 2020

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 26.05.2020 kl. 16.05
Møtestad: møterom f-salen, rådhuset

Møtet vart leia av: Helge Kvame
Elles til stades: Eva Rinde Habostad, Per Ingebrigt Karbø, Anne Melgaard Tårn og Vebjørn Skog.
= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragansvarleg revisor Anne Nygård, oppdragsansvarleg revisor Knut Gunnar Alnes og forvaltingsrevisor Kurt Løvoll.

Frå administrasjonen møtte rådmann Åse Elin Hole og økonomisjef Elin Amdam. I sak 08/20 deltok harnesjef Rita Berstad Maraak via Teams.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 07/20 Møtebok frå telefonmøte 22. april 2020.
--

Sakspapir frå sekretariatet datert 19. mai 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå møte 22. april 2020 blir godkjent.

Sak 08/20 Særrekneskapen 2019 Stranda Hamnevesen KF

Sakspapir frå sekretariatet datert 19. mai 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Uttale til kommunestyret:

Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

SAK 09/20 kommunerekneskapen 2019 – Stranda kommune

Sakspapir frå sekretariatet datert 22. mai 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Uttale til kommunestyret :

Stranda kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

Sak 10/20 Risiko- og vesentlegvurdering. Innspel og diskusjon..

Sakspapir frå sekretariatet datert 19. mai 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Stranda kontrollutval tek saka til vitande og ønskjer å framheve følgjande områder for det vidare arbeidet med ei risiko- og vesentlegvurdering:

Arbeidsmiljø/HMS, integrering av FNs berekraftsmål i kommunal planlegging, vassføreskrift/vasskvalitet, likestilling, inkludering, dimensjonering av heimebasert omsorg, biologisk mangfald.

Eventuelt:

1. Sekretariatet orienterte om epost motteken frå hamnesjef Rita Berstad Maraak datert 25. mai 2020. Det var ein førespurnad til kontrollutvalet om å sjå nærare på om kommunestyret kan ta utbytte frå hamneforetaket når styret innstiller på ikkje å gje utbytte. Kontrollutvalet valte ikkje å sjå nærare på dette foreløpig, men forventar at administrativ og politisk leiing avklarar dette. Kontrollutvalet kan på eige initiativ ta dette spørsmålet opp att om kommunestyret er på veg til å treffe eit vedtak som vil vere ulovleg, jfr. Kontrollutvalsboka, 2. utgåve, side 12.
2. Sekretariatet tok opp spørsmålet om det var ønskeleg å få laga eit oppdatert reglement for Stranda kontrollutval. Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal orienterte kort om dette. Kontrollutvalet bestemte å be om ei slik sak til sitt neste møte.

Møtet var slutt kl. 18.00

Helge Kvame	Per Ingebrigt Karbø	Eva Rinde Habostad	Anne Melgaard Tårn	Vebjørn Skog
leiar	nestleiar	medlem	medlem	medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)

Sak 12/20 Meldingar til Stranda kontrollutval
--

1. Nummerert brev nr. 1 frå Møre og Romsdal Revisjon SA datert 28. mai 2020
2. Uttale frå revisor om forenkla etterlevingskontroll datert 29. mai 2020
3. Rekneskapsrevisjon 2019 – Stranda kommune datert 19. august 2020

Innstilling til vedtak:

Stranda kontrollutval tek meldingane til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til Kontrollutvalet i Stranda kommune	Kopi til Kommunedirektør i Stranda kommune
--	---

Nummerert brev nr 1 for Stranda kommune 2019

Modifisert uttale etter forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag i forbindelse med Stranda kommune si etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga på følgjande område:

Kontroll av etterleving av reglane om berekning av tilskot til private barnehagar, der vi kontrollerer i medhald av *Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager* og KS sin *Veileder for beregning av tilskudd til private barnehager*

1. At kommunen har gjennomført berekning av tilskot til private barnehagar, og at denne berekninga er i tråd med krava.
2. At kommunen har fatta vedtak om satsar til barnehagar innan fristen 31. oktober året før tilskotsåret, etter kravet i forskrifta § 9.

Vi har utført attestasjonsoppdrag i medhald til RSK 101, God kommunal revisjonsskikk for *Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen*. God kommunal revisjonsskikk inneber at avvik som fører til en modifisert uttale, skal kommuniserast til kontrollutvalet med eit nummerert brev.

Grunnlag for nummerert brev og konklusjon med atterhald

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis har vi vorte merksame på avvik i etterleving av reglande for utrekning av tilskot til private barnehagar:

- Vi starta med vår kontroll i november 2019. Vi fann at kommunen ikkje hadde brukt ajourført reknearkmodell, noko som påverka mellom anna berekninga av pensjonen som kan føre til utslag på driftstilskotssatsen. Vi sende epost til økonomisjef og kommunalsjef for oppvekst, og gjorde dei merksame på dette. Vi oppmoda kommunen til å gjere ei ny utrekning for å sjå om det ville slå ut på tilskotet til barnehagane i 2019. Vi fekk ikkje svar på spørsmålet om ny utrekning, og vende oss til økonomisjef per telefon 20. januar 2020. Han sa at han ville gjere ein ny utrekning med korrekt ajourført reknearkmodell. Det har ikkje kome tilbakemelding på at kommunen har gjennomført ny utrekning. I starten av mai tok vi kontakt med kommunedirektør, og ho bad oss rapportere på dei funn vi hadde.

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

- Kommunen skal fatte vedtak om satsen for tilskot 2019 innan den 31.oktober 2018. Vedtaket er datert den 14.11.2018.

Etter vår meining har Stranda kommune ikkje etterlevd reglane om berekning av tilskot til private barnehagar etter forskrifta. Avviket inneber at vi må gi attestasjonsuttale med atterhald.

Vi tilrår Stranda kommune til å nytte ajourførte rekneark for at kommunen for framtida vil vera i stand til å berekne driftstilskotsatsen rett.

Vi vil minne om at dette brevet må oppbevarast i medhald av oppbevaringsreglane i bokføringslova § 13, pkt 4.

Ålesund, 28.05.2020

Møre og Romsdal Revisjon SA



Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til Kontrollutvalet i Stranda kommune	Kopi til Kommunedirektøren i Stranda kommune
--	---

Uttale frå revisor om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga.

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Stranda kommune si etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga på følgjande område:

Kontroll av etterleving av reglane om berekning av tilskot til private barnehagar, der vi kontrollerer

1. at kommunen har gjennomført berekning av tilskot til private barnehagar, og at denne berekninga er i tråd med krava
2. at kommunestyret har fatta vedtak om satsar til barnehagar innan fristen 31. oktober året før tilskotsåret, etter kravet i forskrifta § 9

Periode:

Vi har kontrollert tilskotsperiode 2019.

Kriterier er henta frå:

Forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar (heimel i barnehagelova §14).

Leilinga sitt ansvar for etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at økonomiforvaltninga vert gjennomført i tråd med reglar og vedtak, og at økonomiforvaltninga er gjenstand for forsvarleg kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneheld krav om uavhengighet og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og tilbørleg varsemd, tillit og profesjonell framferd.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1) har Møre og Romsdal Revisjon SA eit tilstrekkeleg kvalitetskontrollsystem, medrekna dokumenterte retningslinjer og rutinar for etterleving av etiske krav, faglege standardar og krav i gjeldande lovgiving og annen regulering.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi ein uttale om etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommuneloven sine reglar og RSK 101. Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Standarden krev at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for om

det ligg føre vesentlege feil eller manglar ved etterleving av reglar og vedtak i kommunen si økonomiforvaltning på det området vi har gjennomført forenkla etterlevingskontroll.

Vi baserer oppgåva på ei vurdering av analyse av risiko- og vesentlege forhold, som er lagt fram for kontrollutvalet.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i medhald til RSK 101, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for at reglar og vedtak for økonomiforvaltninga vert etterlevd. Typen, tidspunktet for og omfanget av dei valde handlingane er gjenstand for revisor sitt skjønn. Moderat sikkerhet har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerhet, og vi gir difor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerhet som i ei revisjonsmelding.

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Grunnlag for konklusjon med atterhald

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis har vi vorte merksame på avvik i etterleving av reglande for utrekning av tilskot til private barnehagar:

- Vi fann at kommunen ikkje hadde brukt ajourført reknearkmodell. Dette vart kommunisert til kommunen med det utfall at dei ikkje har gjort nye utrekningar etter korrekt reknearkmodell. Vi viser til omtale i nummerert brev.
- Kommunen skal fatte vedtak om satsen for tilskot 2019 innan den 31.oktober 2018. Vedtaket er datert den 14.11.2018.

Med unntak av avvika som er nemnd ovafor har vi ikkje noko som gir oss grunn til å tro at Stranda kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd reglane ved berekning av tilskot til private barnehagar og at berekninga er i samsvar med krava slik dei går fram av §-35 i forskrifta.

Denne uttalen er berre utarbeidd for det føremål som er omtala ovanfor og til informasjon for kontrollutvalet i Stranda kommune, og skal ikkje brukast til noko anna føremål.

Ålesund, 29.05.2020

Møre og Romsdal Revisjon SA



Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til
Kontrollutvalet i Stranda kommune
Kommunedirektør

Rekneskapsrevisjon 2019 – Stranda kommune

Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon SA har revidert rekneskapen for rekneskapsåret 2019 for Stranda kommune.

Vår oppgave er i første rekke å gi ein uttale om årsrekneskapen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, gi ei uttale om disponeringar i forhold til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2019. I dette notatet vil vi gi nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i forhold til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 24-7 i kommunelova.

Utvalde tema rekneskapsrevisjon – Stranda kommune

Bundne fond

Ved førre årsavslutning fann vi at det var ein del bundne driftsfond i balansen som det har vore lite bevegelse på dei siste åra. Vi sette det opp som eit fokusområde for at kommunen kunne gjennomgå desse bundne fonda.

I årsrekneskapet 2019 var det gjort føringar ut frå økonomisjefen sine notat, men desse notata var ikkje oppdaterte ihht budsjett for 2020 og det vart difor korrigert tilbake.

Ettersom kommunen har vore i ei omstillingsperiode der økonomisjefen slutta før arbeidet med fonda vart ferdig, vil vi råd kommunen til å fortsette arbeidet i 2020.

Vi vil føre opp bundne fond som eit av fokusområda for 2020.

Rutinar for fakturering på næringsavdelinga

Med bakgrunn i at det tidlegere år har vore noko svake rutinar for fakturering på næringsavdelinga, har revisjonen sendt førespurnad til einingsleiaren for å kartlegge rutinane.

Svaret vi fekk kom litt seint på året, og vi vel difor teste rutinane neste år.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Etterrekning av vederlag for opphald i institusjon

Stranda kommune har hatt gode rutinar for etterrekning av vederlag. På grunn av at etterrekninga kan vere komplisert, og at det kan vere lite etterkontroll av pårørande, tek vi denne kontrollen med nokre års mellomrom.

Vi har plukka ut nokre etterrekningar som kommunen har gjort og kontrollert dei. Vi meiner at rutinen var på plass, og dei etterrekningane som vi kontrollert var utan vesentlege feil.

Investeringsprosjekt frå budsjettdokument til rapportering (prosjekthandbok)

Det kontrollerte prosjektet var tilfredstillande dokumentert, og vi meina at leiar for dette prosjektet har etterlevd hovudprinsippa, og prosjektfasane er følgt i tråd med prosjekthandboka.

Andre forhold

Det var bokført eit lån i balansen på kr 149 600 som vart avslutta i 2015 men som framleis stod bokført i balansen pr 2019. Det gjaldt det siste avdraget som ikkje har vore bokført. Kommunen hadde ein bankkonto med innestående kr 181 700 som ikkje har vore bokført i rekneskapen. Årsaka var at kommunen fekk desse pengane som gåve for fleire år sida, og det var ikkje noko dokumentasjon på kva pengane skal gå til.

Balanseført aksjeverdi i Stranda Eigedomsselskap AS var noko overvurdert som følgje av at det ikkje har vore bokført endra aksjeverdi tidlegare år.

Anleggsregisteret var ikkje ajourført med tilgang av driftsmidlar for 2019.

Vi meiner at dei nemnte forholda ikkje var av vesentlig størrelse for årsrekneskapen 2019, og kommunen har no rydda opp i forholda i 2020.

Elles har kommunen korrigert både små og store avvik for å få presentasjonen av årsrekneskapet og noter så korrekt som mogleg per 31.12.2019.

Forenkla etterlevingskontroll av tilskot til private barnehagar

Vi viser til eigen attestasjon for dette arbeidet.

Ålesund, 19. august 2020

Møre og Romsdal Revisjon SA

Anne Nygård

Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor

Toril Roaldseth

Toril Roaldseth
revisor

Sak 13/20 Plan for forvaltningsrevisjon Stranda kommune

Vedlegg:

1. Plan for forvaltningsrevisjon Stranda kommune 2020-2023 frå kontrollutvalsekretariatet.
2. Risiko- og vesentlegvurdering for Stranda kommune 2020-2023 frå Møre og Romsdal Revisjon SA (pdf vedlegg).

Bakgrunn:

Stranda kontrollutval gjorde i sitt møte 11. februar 2020 (sak 03/20) vedtak om å bestille ei risiko- og vesentlegvurdering frå Møre og Romsdal kommunerevisjon SA. Dette som eit grunnlag for, og start på arbeidet med ein endeleg plan for forvaltningsrevisjon for Stranda kommune.

Kontrollutvalet sitt ansvar for gjennomføring av forvaltningsrevisjon går fram av kommunelova §23-2 c og forskrift om kontrollutval og deira oppgåver. Stranda kontrollutval vil med foreslått plan for forvaltningsrevisjon tinge prosjekt frå kommunerevisjonen i ein bestillar – utførarmodell. Denne modellen er nærare forklart i sjølv plandokumentet.

Eventuelle endringar og omprioriteringar ligg til kommunestyret, men mynde til å gjere naudsynte endringar kan bli delegert til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-3. Stranda kontrollutval vil be om slikt mynde.

Vidare har Stranda kontrollutval i sitt møte 26. mai 2020 hatt diskusjonar med sekretariatet og kommunerevisjonen for å diskutere moglege tema, få innspel og kommentarar. Sekretariatet hadde møte med kommunerevisjonen 24. juni 2020 for å avstemme arbeidet så langt og diskutere dei funn som er avdekt i overordna analyse. Det har difor vore ein grundig prosess fram til det forslaget til plan som ligg føre.

Formålet med den overordna risiko- og vesentlegvurderinga som ligg ved saka er å få fram relevant informasjon om kommunen si verksemd slik at det er mogleg for kontrollutvalet og kommunestyret å prioritere mellom dei ulike områda det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjonar. Den overordna analysen er utarbeidd våren 2020 av Møre og Romsdal Revisjon SA. Den bygg på dokumentanalyse, innspel frå politikarar og administrasjonen i eige møte og i nær dialog med kontrollutvalsekretariatet.

Vurdering av risiko for avvik og kor alvorlege konsekvensar slike avvik kan få, er viktige moment i dette arbeidet. Risiko- og vesentlegvurderinga frå kommunerevisjonen er det grunnlaget som planen er skriven på. Det er vanskeleg å på førehand å skissere kor mykje ressursar kvar enkelt prosjekt vil ta, men Stranda kontrollutval har som målsetting å gjennomføre 2 forvaltningsrevisjonsprosjekt i løpet av valperioden.

For alle prosjekta skal det gjennomførast forprosjekt og kartlegging som grunnlag for vurdering om prosjektet skal gjennomførast. I denne fasen vil ein og angi nærare kor mykje ressursar som vil gå med til å ferdigstille ein forvaltningsrevisjonsrapport.

Vurdering:

Det visast til sjølv plandokumentet og vedlagte risiko- og vesentlegvurdering.

Tilråding til vedtak:

Innstilling til Stranda kommunestyre:

1. Stranda kommunestyre godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 med følgende prioriterte fokusområder:
 - Kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa
 - Vass- og avløpssystemet i Stranda kommune
 - Rutiner for offentlig innkjøp
2. Stranda kommunestyre gir kontrollutvalet mynde til å foreta endringar av planen i perioden hvis det er naudsynt.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Plan for forvaltningsrevisjon Stranda kommune 2020 - 2023

Innhald

Bakgrunn.....	2
Innhaldet i forvaltningsrevisjon	3
Gjennomføring og rapportering	4
Vurdering og prioriteringar i perioden	4
Gjennomførte forvaltningsrevisjonar i førre periode	5
Sluttord.....	5



Bakgrunn

Kontrollutvalet er pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Dette kjem fram i kommunelova kapittel 23. Kommunestyret må sjølv vedta denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering.

Det er eit krav om at behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike tenestoområda skal bli identifisert med utgangspunkt i ei risiko- og vesentlegvurdering. Denne analysa er utarbeid av Møre og Romsdal Revisjon SA og følger som vedlegg til denne planen.

Kommunestyret har det øvste ansvaret for tilsyn med forvaltninga men kontrollutvalet er det organet som på vegne av kommunestyret skal gjennomføre dette tilsynet. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre avgrensingar enn dei som er eventuelt gitt av kommunestyret.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at Stranda kommune er gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg det at kontrollutvalet har ei rolle i forhold til å velje ut prosjekt for forvaltningsrevisjon. I kraft av å ha det overordna tilsynsansvaret i kommunen kan kommunestyret gje instruksar om igangsetjing av prosjekt. I mangel av slike prosjekt, avgjer kontrollutvalet sjølv dei tenestoområda som skal være gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Kravet om at kommunestyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at kommunestyret sjølv bør ha ei aktiv og styrande rolle. Det at kommunestyret har rett til å gje detaljerte instruksar, er likevel ikkje det same som ei plikt. Om kommunestyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar, bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit utval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

Forvaltningsrevisjonsarbeidet har etter kvart blitt ein sentral del av kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunal sektor og det er difor viktig at kontrollutvalet og kommunestyret bruker plan for forvaltningsrevisjon som eit reiskap for å utøve eit mest mogleg målretta og effektiv tilsynsfunksjon. Kontrollutvalet vil ha planen til løpande vurdering og kan be om fullmakt til å gjere endringar i planen dersom dette vært naudsynt.

Innhaldet i forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, oppnådd resultat og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. I dette ligg om:

- ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnader
- ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- regelverket blir etterlevd
- styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon skal vere eit reiskap for det øvste politiske organ i forhold til å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultat som blir oppnådd.

Punkta over seier noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi.

I høve til forvaltningsrevisjon, set ikkje regelverket klare avgrensingar til økonomi. Dette fordi ein ikkje finn det tenleg å avgrense kontrollutvalet sitt arbeidsområde. Det å ikkje å avgrense til økonomi, er likevel ikkje det same som at ein ikkje skal fokusere på økonomi.

Det vil ofte vere slik at det er lite tenleg at kontrollutvalet gjennom forvaltningsrevisjon, fokuserer på område der andre instansar har tilsyn med kommunen.

Forvaltningsrevisjon, og rapportering av forvaltningsrevisjon, skal skje etter «god kommunal revisjonsskikk» og etablerte standardar på området. Det er også stilt krav om revisjonskriterium for kvart prosjekt. Det er ein måte å seie at det skal gå klart fram kva som ligg til grunn ved vurderinga av forvaltninga.

Gjennomføring og rapportering

Kommunens verksemd er i stadig endring. Organisasjonsmessige tilhøve og eksterne vilkår knytt til økonomi, sysselsetting, statlege føringar og krav m.v. vil variera i løpet av nokre år. Desse variasjonane kan ha innverknad på kva for område der det er mest hensiktsmessig å setja inn ressursar til gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Denne planen er utarbeidd med tanke på forvaltningsrevisjon i kommande 4 årsperiode. I tillegg til løpande vurdering av planen kan den bli rullert ved behov, for eksempel etter 2 år. Kontrollutvalets vurdering tilseier at det bør gjennomførast 2 forvaltningsrevisjons- prosjekt i planperioden.

Etter at kommunestyret har vedtatt plan for forvaltningsrevisjon, vil kontrollutvalet bestille forvaltningsrevisjon.

Sekretariatet er administrasjonen til kontrollutvalet og hjelper utvalet i å utføre bestillarrolla. Utvalet bestiller forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og eventuelt andre undersøkingar, mens rekneskapsrevisjon er eit løpande oppdrag. Revisjonen rapporterer resultatet av arbeidet sitt til kontrollutvalet, som igjen rapporterer til kommunestyret.

For saker som kjem frå revisjonen, vil oppgåva til sekretariatet i hovudsak vere å sikre at produktet er i samsvar med bestillinga til kontrollutvalet. Dette inneber ikkje at sekretariatet skal vurdere metodeval, prosjektdesign, datainnhenting, lovbruk og vurderingar som framkjem i rapportane til revisoren. Dette må revisor sjølv bere ansvaret for gjennom dei kvalitetssystema som skal vareta dette.

Kontrollutvalet vedtar problemstillingar og prosjektplan.

Kontrollutvalet har ansvar for å rapportere om gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og om resultatane av disse til kommunestyret. Dette kan skje ved at kvar rapport blir lagt fram eller at det ein gong i året blir lagt fram ein rapport om gjennomførte prosjekt i år. For Stranda kommune vil tal saker/rapportar ligge på eit nivå som gjer det mest naturleg å legge rapportane fram for kommunestyret etter kvart som dei ligg føre.

Vurdering og prioriteringar i perioden

Omfanget av forvaltningsrevisjon er avhengig av identifisert behov og dei ressursar som vert stilt til disposisjon for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmende og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Den må sjåast på som eit verktøy til å gjera ei prioritering av område/tema som er aktuelle for forvaltningsrevisjon saman med dei innspela som er mottatt, dialog med revisor og kontrollutvalets egne vurderingar.

Kontrollutvalet har med bakgrunn i drøftingar og prioriteringar vurdert nedanforståande område/tema som prioritert for forvaltningsrevisjon i planperioden:

- Kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa
- Vass- og avløpssystemet i Stranda kommune
- Rutiner for offentlig innkjøp

For nærare skildring og vurdering av områda vert det synt til vedlagte risiko- og vesentleg vurdering. Kvar enkelt prosjekt vil bli nærare spesifisert ved handsaming i kontrollutvalet i samband med bestilling av det enkelte prosjekt. Kontrollutvalet får fullmakt til å foreta den naudsynte prioritering, spesifisering og bestilling av prosjekta i perioden.

Gjennomførte forvaltningsrevisjonar i førre periode

Kontrollutvalet i Stranda gjorde i sitt møte 12. februar 2019 i sak 02/19 følgjande vedtak:

Kontrollutvalet igangset arbeidet med ein forvaltningsrevisjon av oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune i henhold til vedlagte prosjektplan.

Prosjektet hadde følgjande problemstillingar:

- 1) Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å sikre at det blir ein god overgang mellom barnehage og skule for minoritetsspråklege barn?
- 2) Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å kartlegge elevane sine kunnskapar i norsk?
- 3) Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for elevar med rett til særskilt norskopplæring for å kartlegge om elevane treng morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring?

Forvaltningsrevisjonen var handsama av Stranda kommunestyre i sak 060/19 på deira møte 28. juni 2019 og vedtak var gjort i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet.

Sluttord

Kontrollutvalet vil kome attende til tidsplan for gjennomføring av dei einskilde prosjekta.

Kontrollutvalet ber om delegert fullmakt til å iverksette forvaltningsrevisjon på andre områder enn dei som er foreslått/vedtatt dersom kontrollutvalet meiner dette vil ha høgare nytteverdi.

Kommunestyret har også myndigheit til å pålegge kontrollutvalet å gjennomføre konkrete bestillingar i løpet av planperioden dersom det er ønskeleg.

Sak 14/20 Forslag til reglement Stranda kontrollutval

Vedlegg: forslag til reglement for Stranda kontrollutval 2020 - 2023

Bakgrunn:

I ny kommunelov som tredder i kraft etter konstituerende kommunestyre møte hausten 2019 er det § 5-13 som regulerer reglement for folkevalde organ.

Folkevalde organ skal ha eit reglement som fastset:

- Organet sitt verkeområde og eventuell vedtaksmynde
- Tidsperiode organet er oppretta for
- Eventuelt andre sentrale bestemmingar om organet sin verksemd

Vedlagte forslag til reglement for Stranda kontrollutval er tilpassa både ny kommunelov og forskrifter om kontrollutval og revisjon.

For å sikre at reglementet haldast oppdatert bør det reviderast ein gong per valperiode. Reglementet skal handsamast og vedtas av kommunestyret.

Vurdering:

Forslaget til reglement inneheld retningslinjer for utvalet sine oppgåver, mynde, organisering og sakshandsaming. Sekretariatet vurderer at det er behov for å synleggjere noko meir korleis kontrollutvalet arbeider. Dette gjeld både retten til innsyn, teiebelagt informasjon, avgrensingar i utvalet sitt mynde og innstillingsrett.

Det er også påpeika at leiar av kontrollutvalet no kan la eit av dei andre medlemmane utøve møterett i kommunestyret på sine vegne. Dette er nytt i kommunelova frå 2018.

Innstilling til vedtak:

Stranda kontrollutval sluttar seg til framlagte forslag til reglement for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med følgande innstilling til vedtak:

Stranda kommunestyre vedtar kontrollutvalet sitt forslag til reglement for perioden 2020 – 2023.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Kjetil Kvammen
Juridisk rådgjevar

«For å klargjøre rammene for og innholdet i kontrollutvalgets oppgaver kan kommunestyret fastsette et reglement ...»

(Kontrollutvalgsboken 2.utg. side 14)

Innhold

§ 1 Organisasjon og ramme for kontrollutvalet sitt arbeid.....	1
§ 2 Val og samansetjing	2
§ 3 Kontrollutvalet sitt ansvarsområde.....	2
§ 4 Teieplikt og tilhøvet til habilitet.....	3
§ 5 Kontrollutvalet sitt mynde, oppgaver og uttalar.....	3
§ 6 Møteprinsippet, møtebok og offentlegheit.....	5
§ 7 Saksbehandlingen for kontrollutvalet.....	6
§ 8 Møterett m.v. i utvalet.....	7
§ 9 Kontrollutvalet sin innstillingsrett.....	7
§ 10 Sekretariat.....	7
§ 11 Ikraftsettning/ending	8

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

§ 1 Organisasjon og ramme for kontrollutvalet sitt arbeid

Kommunestyret har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kontrollutvalet sitt mynde og oppgaver følger av kommunelova § 23-2.

Kontrollutvalet er direkte underordna kommunestyret.

Kontrollutvalet skal

- føre den løpande kontrollen med kommunen si verksemd på kommunestyret sine vegne
- utføre dei oppgåvene som følgjer av lov og forskrift, for eksempel
 - sjå til at «*kommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*», jfr. § 23 nr. 2 og behandle kommunen sine årsmeldingar
 - sørge for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og følgje opp rapportar frå slik kontroll
- prioritere kontrolloppgåver som kan byggje opp under innbyggjarane sin tillit til kommunen
- arbeide for at all kommunal verksemd oppfyller krava til gjeldande lov og anna regelverk, samt at borgarane har tillit til den kommunale forvaltninga av fellesskapet sine ressursar

Kontrollutvalet kan

- ta opp eitkvart spørsmål ved kommunen si verksemd som er knytt til utvalet sitt kontrollansvar og mynde

Kontrollutvalet har ikkje høve til

- å føre kontroll med kommunestyret eller politiske prioriteringar som er gjort av folkevalt organ. Kontrollutvalet kan likevel uttale seg dersom kommunestyret eller eit anna folkevalt organ er i ferd med å treffe eller har gjort eit **ulovleg** vedtak.

Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan.

§ 2 Val og samansetjing

Kontrollutvalet har fem medlemer, herav leiar, nestleiar og øvrige medlemer. Varamedlemer vert valde i numerisk rekkefølge av kommunestyret sjølv.

Leiaren kan ikkje vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordføraren. Leiaren skal veljast frå eit av dei partia / gruppene i kommunestyret som ikkje har vervet som ordførar.

Minst eitt medlem skal veljast mellom kommunestyret sine medlemer, (jfr. kommunelova § 23-1). Valet gjeld for den kommunale valperioden.

Ved valet skal ein ta omsyn til erfaring og yrkesbakgrunn, utdanning og tilhøve til andre folkevalde organ.

§ 3 Kontrollutvalet sitt ansvarsområde

Kontrollutvalet sine oppgåver etter kommunelova § 23-2 er å sjå til at:

- kommunen sine rekneskapar vert revidert på ein betryggande måte

- det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak
- det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd, og kontroll med selskap som kommunen har eigarinteresser i
- det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll)
- vedtak som kommunestyret gjer ved behandlinga av revisjonsrapportar, blir fylgde opp

Utvalet har ikkje noko mynde til å gjere vedtak som bind kommunen sin administrasjon eller andre instansar. Men gjennom rapporteringa si kan kontrollutvalet gi tilråding til kommunestyret om å gjere vedtak.

Kommunestyret sjølv avgjer om kommunen skal tilsetje egne revisorar, delta i eit interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med ein annan revisor. Kommunestyret vel sjølv revisor. Vedtak etter kommunelova § 24-1 første og andre ledd vert gjort etter innstilling frå kontrollutvalet.

§ 4 Tiejplikt og tilhøvet til habilitet

Forvaltningslova sine alminnelege reglar om tieplikt, jfr. forvaltningslova § 13 mv., gjeld for kontrollutvalet sine medlemmer og sekretariatet.

Forvaltningslova kapittel II om habilitet gjeld for kontrollutvalsmedlemene og sekretariatet. I konkrete saker skal kontrollutvalsmedlem i god tid seie frå om tilhøve som gjer eller kan gjere vedkomande inhabil. Avgjerda blir treft av kontrollutvalet, utan at vedkomande medlem deltar, (jfr. forvaltningslova § 8 andre ledd).

§ 5 Kontrollutvalet sitt mynde, oppgåver og uttalar

5.1. Innsynsretten (jfr. kommunelova § 23-2 tredje ledd)

Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av tieplikt, kreve eikvar opplysning, utgreiing eller eitkvart dokument og gjere dei undersøkingar som det finn nødvendig for å gjennomføre oppgåvene.

Utvalet avgjer sjølv kva for protokollar, referatsaker og ettersynsrapportar, evt. anna materiale, som dei vil ha seg førelagt.

Innsynsretten er tillagt kontrollutvalet som organ og ikkje enkeltpersonar i utvalet. Det er i utgangspunktet kontrollutvalet sjølv som avgjer kva for opplysningar som er nødvendige å krevje, og kva for undersøkingar som er nødvendige å gjennomføre.

Det er av praktiske årsaker likevel behov for delegasjon på dette området.

Følgjande kan, kvar for seg, nytte innsynsretten på kontrollutvalet sine vegne:

- kontrollutvalet sin leiar
- kontrollutvalsekretariatet

5.2. Når kontrollutvalet sine saker skal behandlast i kommunestyret

Kontrollutvalet sin leiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker skal behandlast (jfr. kommunelova § 23-2, andre ledd). Utvalet sin leiar kan la eitt av dei andre medlemene i utvalet utøve denne retten på utvalet sine vegne.

Utvalet sin leiar, eller den leiaren peikar ut, skal syte for at møteretten alltid vert nytta. I saker der utvalet har avgitt innstilling til kommunestyret, er det alltid leiaren sjølv som bør møte og vere budd på å gjere greie for, og eventuelt utdjupe, utvalet sitt syn.

5.3. Kontrollutvalet sin møterett i lukka møte

Kontrollutvalet har rett til å vere til stades i lukka møte i folkevalde organ i kommunen. Kommunestyret sjølv kan bestemme at denne retten ikkje gjeld lukka møte i kommunestyret (kommunelova § 23-2 fjerde ledd).

Kontrollutvalet sin rett til å vere til stades i eit lukka møte gjeld det samla utvalet. Dersom kun enkelte medlemmer møter, må desse vere utpeika av utvalet for å kunne utøve denne retten. Utvalet har utpeika kontrollutvalet sin leiar og/eller nestleiar til å ivareta denne retten.

5.4. Oppfølging av revisjonsarbeidet

Som ledd i utvalet si oppfølging av revisjonsarbeidet skal revisjonen sin årlege plan for verksemda leggjast fram for utvalet for godkjenning. Utvalet skal gjennom året følge opp planen.

Kommunerevisor skal rapportere avvik til utvalet.

Årlege meldingar om kontrollutvalet og revisjonen si verksemd skal leggjast fram for kommunestyret til orientering.

Dersom revisor oppdagar eller på annan måte blir underretta om mislegheiter, skal revisor sende innberetning til kontrollutvalet med kopi til kommunedirektøren/rådmannen.

5.5. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal baserast på risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen si verksemd.

Planen vert vedtatt av kommunestyret sjølv som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Revisor rapporterer resultat av forvaltningsrevisjon til kontrollutvalet for behandling.

Kontrollutvalet skal avgi rapport til kommunestyret om kva for forvaltningsrevisjonar som er gjennomført og om resultata av desse.

5.6. Selskapskontroll

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv, som kan delegere til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

5.7. Kommunen sin årsrekneskap og årsmelding

Kontrollutvalet skal innanfor sitt ansvarsområde gi direkte innstilling til kommunestyret. Når revisjonsberetninga frå revisor er blitt lagt fram for kontrollutvalet, skal utvalet avgi uttale om årsrekneskapen til kommunestyret. Kopi av uttalen skal oversendast formannskapet, før dette organet avgir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

5.8. Kontrollutvalet sitt budsjett

Kontrollutvalet utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen etter at budsjetta er vedtatt av årsmøtet for revisjonen som er organisert som SA, og representantskapet for sekretariatet som er organisert som interkommunalt selskap. Kontrollutvalet sitt forslag skal følge formannskapet si innstilling om årsbudsjettet til kommunestyret. Kontrollutvalet si innstilling om budsjett skal innarbeidast uendra i rådmannen sitt budsjettframlegg.

5.9. Kompetansevedlikehald for kontrollutvalet sine medlemmer

Kontrollutvalet skal ta omsyn til behovet for opplæring av utvalet sine eigne medlemmer, og ta initiativ til at dette behovet til eikvar tid vert dekt. Rettleiing om arbeidet i kontrollutvalet bør tilpassast medlemmene sine behov og dei saksområda som til eikvar tid er aktuelle.

Utvalet bør tilby orientering og informasjon om kontrollutvalet si rolle mv. til kommunestyret og andre folkevalde organ.

§ 6 Møteprinsippet, møtebok og offentlegheit

6.1. Møteprinsippet

Kontrollutvalet skal behandle sine saker og treffe vedtak i møte (jfr. kommunelova § 11-2). Kontrollutvalet har ikkje utan særskild heimel høve til å nytte seg av fjermøte (jfr. kommunelova § 11-7) eller skriftleg saksbehandling. - Slik heimel for fjermøte vart gitt ved KMD si forskrift av 13.03.2020 for tidsrommet fram til 01.08.2020, jfr. «Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjermøter i kommuner for å begrense spredning av Covid-19».

6.2. Møtebok

Kontrollutvalet sitt sekretariat syter for føring av framlegg til møtebok og kunngjering av referat frå møta (jfr. kommunelova § 11-4).

Møteboka skal godkjennast av kontrollutvalet seinast i neste møte. Utskrift av møteboka skal sendast utvalet sine medlemmer, ordførar og kommunerevisjonen, og kunngjerast på utvalet sin nettstad.

Melding om vedtak i kontrollutvalet (særutskrifter) blir elles sende til ordførar og dei avdelingar/etatar i kommunen som saka gjeld.

6.3. Offentlegheit

Kontrollutvalet sine møte er opne for alle (jfr. kommunelova § 11-5 første ledd) og saksdokumenta er offentlege (jfr. offentleglova § 3). Vedtak om lukking og avslag på innsynsbegjæring kan likevel vere aktuelt. Lovheimelen for eit vedtak om lukking skal då takast inn i møteboka.

Spørsmål om innsyn i kontrollutvalet sine saksdokument vert handtert av sekretariatet ut frå reglane i offentleglova og forvaltningslova.

§ 7 Saksbehandlinga for kontrollutvalet

7.1. Saksutgreiing, framlegg til vedtak

Kontrollutvalsekretariatet syter for forsvarleg saksutgreiing og legg fram tilråding til vedtak. Når sekretariatet finn det formålstenleg, kan det som lekk i saksførebuinga innhente uttale eller utgreiing frå andre, t.d. kommunen sin administrasjon, andre offentlege organ, involverte private informantar, evt. gjennomføre besøk i verksemder m.v., før saka vert lagd fram for utvalet.

7.2. Utvalet si innhenting av saksopplysningar, (jfr. kommunelova § 23-2 tredje ledd)

For administrasjonen er det kommunedirektøren/rådmannen som har ansvaret for å sjå til at møteplikt etter innkalling frå kontrollutvalet vert oppfylt. Når ei slik innkalling ikkje gjeld kommunedirektøren/rådmannen personleg, kan kommunedirektøren/rådmannen peike ut andre frå administrasjonen til å møte og gi opplysningar, evt. saman med kommunedirektøren/rådmannen sjølv. Dersom kontrollutvalet bed om at ein enkelt tilsett møter personleg, skal kommunedirektøren/rådmannen om nødvendig pålegge vedkomande dette. Kommunedirektøren/rådmannen kan då ikkje setje avgrensingar når det gjeld kva den enkelte tilsette skal forklare seg om, og kommunedirektøren/rådmannen kan ikkje krevje å vere til stades under forklaringa.

Folkevald representant kan kallast inn til kontrollutvalsmøte for å gi informasjon til utvalet om tilhøve som knyter seg til utføringa av vervet eller oppgåva som folkevald.

7.3. Høyringar

For å avklare grunnlaget for utvalet sine vurderingar i ei konkret sak kan kontrollutvalet gjennomføre høyringar.

Utvalet førebur utspørjingane som skal avgrensast til det som er nødvendig for saka. Det skal leggst til rette for kontradiktorisk behandling. Dei som skal stille til høyring skal i god tid før høyringa ha høve til å bli gjort kjende med ramma for dei spørsmåla som skal stillast.

Kommunedirektøren har plikt til å møte til høyring i ope møte. Andre tilsette i kommunen skal ikkje påleggast å stille til høyring som er open for alle.

7.4. Bruk av ekstern kompetanse

Kontrollutvalet kan gjere seg nytte av sakkunnig hjelp når utvalet finn dette nødvendig.

§ 8 Møterett m.v. i utvalet

Ordføraren har møte- og talerett i kontrollutvalet. Ordføraren kan la seg representere ved eit anna medlem av kommunestyret.

Revisor, eller revisor sin stedfortredar, har møte- og talerett i kontrollutvalet sine møte og kan kreve sine uttalar i møtet protokollert.

§ 9 Kontrollutvalet sin innstillingsrett

Jfr. kommunelova § 23-5.

I saker der kontrollutvalet rapporterer resultatet av arbeidet sitt til kommunestyret har kontrollutvalet åleine innstillingsrett, dvs. rett til å fremje forslag til vedtak for kommunestyret.

Før kontrollutvalet behandlar saka, skal kommunedirektøren/rådmannen ha hatt høve til å uttale seg innan ein frist som sekretariatet set. Slik uttale skal sjåast på som endeleg frå administrasjonen si side.

Kontrollutvalet sin einerett til å gi innstilling er ikkje til hinder for at saka i tillegg kan leggjast fram for andre folkevalde organ. Slik eventuell fråsegn kan då ikkje kome i staden for utvalet si saksførebuing, men berre nyttast som eit supplement til denne.

§ 10 Sekretariat

Kontrollutvalet har eit eige sekretariat, jfr. kontrollutval- og revisjonsforskrifta § 7. Sekretariatet skal

- vere uavhengig av kommunen sin administrasjon og av den eller dei som utfører revisjon for kommunen
- førebu sakene for kontrollutvalet og sjå til at dei sakene som skal behandlast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde
- leggje fram tilråding til vedtak
- påsjå at kontrollutvalet sine vedtak blir iverksette, (jfr. kontroll- og revisjonsforskrifta § 6 andre punktum)
- vere kommunerevisjonen sitt kontaktledd overfor kontrollutvalet i alle saker. Sekretariatet er det organet som skal formidle oppgåver som etter vedtak i kontrollutvalet skal utførast av kommunerevisjonen
- syte for at utvalet sine medlemmer og varamedlemmer blir gjort kjende med kontrollutvalsekretariatet si personvernerklæring
- innhente skriftleg samtykke til bruk av personopplysningar.

Den som utfører sekretariatfunksjon for kontrollutvalet, er direkte underordna kontrollutvalet og skal følge dei retningslinene og pålegga som utvalet gir.

§ 11 Ikraftsetjing/ending

Dette reglementet trer i kraft frå den datoen det er vedtatt i kommunestyret.

Ending av dette reglementet kan berre gjerast av kommunestyret. Kontrollutvalet skal avgi uttale til eventuelle endringsforslag.

Sak 15/20 Budsjett 2021 Stranda kontrollutval

Bakgrunn:

I medhald av § 2 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si budsjettinnstilling til kommunestyret.

Vurdering:

Stranda kommune er med i det interkommunale selskapet Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS). Stranda kommunestyre godkjente ny selskapsavtale i sak 074/19 i sitt møte 28. august 2019. I selskapet sine vedtekter er det representantskapet som vedtar budsjettet og så sender dette til medlemskommunane. Det er difor berre budsjett til drift av kontrollutvalet som blir handsama i denne saka pluss eit estimat for kommunen sine kostnader knytt til kjøp av revisjonstenester.

Nytt i år er at kontrollutvalet skal sjå nærare på kostnader knytt til revisjon. Dette skyldast at Stranda kommune valde å bli med i det nye revisjonsselskapet som blei skipa 1. januar 2020.

Dette selskapet er organisert som eit samvirkeforetak (SA) kor deltakarane betalar inn eit innskot. Det er difor Møre og Romsdal Revisjon SA som vil levere revisjonstenester til Stranda kommune. Det nye samvirkeforetaket skal fakturere etter kor mykje tid ein brukar hos kvar einskild kommune.

Sekretariatet har motteke eit estimat som byggjer på erfaringstal frå 2019 og delar av 2020. For 2021 vil eit slikt estimat vere rundt kr 600.000,-. Det er knytt usikkerheit til dette estimatet.

Endeleg tal vil først ligge føre når selskapet har avvikla sitt årsmøte hausten 2020, vedteke selskapet sitt budsjett for 2021 og når ein ser kor mykje tid som går med på tenestene til Stranda kommune.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg á jour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalskonferansen i regi av NKRF (Norges kommunerevisorforbund) på Gardermoen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalskonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør få delta. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i sine 85 anbefalingar for styrka eigenkontroll i kommunen vist til at opplæring i kontrollutvala er et viktig område. Ein gjer merksam på at møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka. Dette bygg på satsar vedtekne i Stranda kommunestyre.

Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse og kjøp av revisjonstenester.

Konklusjon:

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

1. Kontrollutvalet sitt budsjettforslag til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 40.000,-.
2. Stranda kommune sine kostnader til kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA vurderast til kr 600.000,-.
3. Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2021, men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutval i kommunar, § 2 budsjettbehandlinga.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS